

Bakgrunn og grunngeving for arbeidet:

Vestlandsrådet gjorde i møte 14. juni 2011 fygjande vedtak:
11/10 Reiselivsstrategi for Vestlandet:

1. Vestlandsrådet ber om at det vert utarbeidd ein kortfatta overordna reiselivsstrategi for Vestlandet med utgangspunkt i dei samla utfordringane ein har og med grunnlag i Regjeringa sine tre hovudmål for eigen reiselivsstrategi.

2. AU vert styringsgruppe for arbeidet og godkjenner endeleg mandat. I den grad det er trong for ekstern hjelp, avgjer AU eventuell behov for finansiering.

3. Framlegg til reiselivsstrategi for Vestlandet vert lagt fram for Vestlandsrådet i løpet av ultimo 2012.

Det har ikkje tidlegare eksistert ein felles reiselivsstrategi for Vestlandet.

Hovudmålsetjing:

- Reiselivsstrategien må svare på relevante utfordringar for vidare utvikling innan reiselivsnæringa som gjeld dei 4 vestlandsfylka
- Reiselivsstrategi for Vestlandet må byggje på og «utfordre» ny nasjonal reiselivstrategi
- Reiselivsstrategien må utviklast i samsvar med næringsstrategiane i dei respektive fylkeskommunar, inkludert eventuelle fylkesvise reiselivsstrategiar
- Reiselivsstrategien skal vere førande for Vestlandsrådet sitt engasjement for ein meir samla reiselivspolitikkk for Vestlandet.
- Reiselivsstrategien skal ha så lang tidshorisont som mogeleg, og presisere når den skal evaluerast/takast opp til revisjon
- Strategien skal særleg retta seg mot ein nasjonal og internasjonal kontekst og vurdere korleis nasjonal reiselivspolitikkk kan gjennomførast på Vestlandet gjennom partnerskap mellom regionale og nasjonale aktørar.

Prosess:

- Prosessen må involvere relevante aktørar frå alle fire vestlandsfylka
- Strategien skal omhandle tema som er viktige for desse og for framtidig verdiskaping i reiselivssektoren
- Offentleg sektor og alle dei offentlege verkemiddelaktørane må vere innstilte på å delta i planlegginga og medverke til å setje strategien ut i livet
- Kunnskapsaktørar/FoU må trekkjast med i prosessen for å stimulere til kunnskapsdreven utvikling
- Næringsaktørane sin kompetanse og kunnskap er svært viktig, og dei må få reell påverknad i prosessen

Organisering:

Sekretariatet vert lagt til Hordaland fylkeskommune som i 2012 er vertsfylke for Vestlandsrådet.

Styringsgruppe: Vestlandsrådet sitt AU

Arbeidsgruppe: Det vert oppretta ei arbeidsgruppe som i bestillinga frå Vestlandsrådet er definert som næringsgruppa i Vestlandsrådet inkludert dei som til dagleg arbeider med reiseliv i den enkelte fylkeskommune.

Vidare seier bestillinga at arbeidet med strategien skal inkludere sentrale aktørar i reiselivsnæringa. Det er då naturleg å opprette ei prosessgruppe der desse er aktuelle deltakarar.

Mogelege deltakarar i prosessgruppe:

Deltakarane i arbeidsgruppa – 9 personar

NHO Reiseliv Vest – 1 person

Fjord Norge – 1 person

NCE Tourism – 1 person (totalt 2 personar frå Fjord Norge)

LO – 1 person

Destinasjonsselskap, eitt frå kvart fylke

Politikar frå Vestlandsrådet – 1 person

Innovasjon Norge – 1 person

Fylkesmannen FMLA – 2 personar

FoU – 2 personar frå høgskule/universitet

TØI – 1 person

Transportselskap – 1 person

Turoperatør – 1 person

Hanen – 1 person

Hotellkjede – 1 person

Avinor – 1 person

Representant for kulturorganisasjon – 1 person

Cruise – 1 person

Hotellhøgskolen/reiseliv ved UiS

Vestlandsforskning

Det bør engasjerast ekstern prosesskonsulent for arbeidet som styrer møta i prosessgruppa og som rapporterer til arbeidsgruppa.

Tidsplan:

Det vert lagt opp til to samlingar for prosessgruppa i løpet av 2012. Arbeidsgruppa og styringsgruppa møter etter behov.

Budsjett og finansiering:

Budsjett:		Finansieringsplan:	
Prosesskonsulent	200 000	Eigeninnsats deltakarar	120 000
Bedriftsdeltaking og kunnskapsleveranse	100 000	Vestlandsrådet	200000
Møtekostnader	20 000		
SUM	320 000	SUM	320 000